



MELDING
om
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR
i
ROGALAND
19 72

Navnet på vatnet Bakkaviktjerna
Kommune Tysvær

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet og skriving av meldinga er utført av Rogaland Skogselskap v/ E. Berg, etter retningsliner og i nært samarbeid med Konsulenten for ferskvannsfiske i Vest-Norge, herr Øyvind Vasshaug.

B A K K A V I K T J Ø R N E T.

Analysen vart foreteken den 4. august 1972.

Vatnet ligg i Tysvær kommune, nærare stadfest på halvøya Stong i Nedstrand, og med Bakkavikholmane i vest.

Arealet er omlag 2 ha. og h.o.h. 2-3 m.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men det er jamt over eit grunt vatn, og der største djup neppe er over 4-5 m.

Stranda består av stein, fjell og myr og botntilhøva er gjørme over det heile.

Vegetasjon og nedslagsfeldt.

Det er ein frodig vegetasjon av nøkkeroser, flotgras og div. sivvokster rundt storparten av vatnet.

Nedslagsfeltet femner om skogsmark og noko myr. Her veks ein del furuskog og spredt bjørkeskog, med blåbærlyng, skinntryte, einer, kreking m.v. som undervegetasjon.

Fylitt utgjer hovudbergarten.

Det største bekketilsiget fell inn i sør-aust. Elles fell der inn mindre bekketilsig ymse stader.

Avlaupet renn ut i vest og går til Hervikfjorden ca. 600 m lenger nede.

Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er 2.5 m og fargen på vatnet brun. Dette indikerar eit humuspåverka vatn (myrvatn).

Surheita pH er målt til 5.2 som tilseier eit nokså surt vatn.

Innhaldet av kalk (CaO) er 1.5 mg/l og den totale hardheita 4.8 mg/l. Vatnet må karakteriserast som kalkfattig og pH utsett for store svingningar gjennom året.

Leiingsemna $K_{18} = 67.4 \times 10^{-6} \text{ ohm}^{-1} \text{ cm}^{-1}$.

Gjennomstrøyminga er liten.

Faunaen i vatnet.

Det vart teke botnprøver på 2.0 og 4.0 m djup og ein kom til fylgjande resultat:

På 2.0 m vart det funne 6 fjærmygglarver, 1 vannymfelarve, 2 svevemygglarver og 1 bille - tilsaman 100 individ pr. m².

4.0 meteren gav som resultat 7 svevemygglarver eller 70 individ pr. m².

Samla resultat syner at der er heller lite med botndyr i vatnet.

Vi skulle nå hatt mageprøver av fisken, men då dette vatnet er fisketomt må desse prøvene gå ut.

Planktonprøver.

Det vart teke eit horisontaltrekk på ca. 50 m med planktonhov og prøven var relativt bra. Det er planteplanktonen som dominerar, men litt dyreplankton vart også funne.

Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene kan vi slå fast, at Bakkaviktjørna er næringsfattig og vatnet nokså surt. Likevel ikkje surare enn at fisk godt kan leva i vatnet i dag.

Botnprøvene gav eit magert resultat og vi skal her merka oss svevemygglarvene som indikerar surstoffsvikt.

Vatnet er lite og gjennomstrøyminga sers liten. Når hertil kjem at vatnet er grunt og har ein frodig vegetasjon kan det ein kallar for "vinterdød" inntreffa. Fisken kan gå til grunne fordi surstoffinnhaldet kan bli for lite om vinteren. Årsaka er, at is og snø isolerar for lyset og dermed set ned plantene si assimilasjonsemna. Når plantene så åndar, kan dei bruka så mykje surstoff av det som fins oppløyst i vatnet, at det oppstår surstoffmangel og fisken dør ut.

Dette kan og inntreffa om sumaren. Ein tørr og varm sumar, med blikkstilte ver og minimale tilsig, vil redusera surstoffmengda i vatnet med den fylgje at surstoffmengda sykk under den kritiske grensa for fisken. I meir blåsande og regnfulle summer, som er det vanlege på våre kanter, skulle ein ikkje risikere nokon "sumardød".

Ein brusande bekk inn i vatnet hadde her vore av det gode.

Praktiske tiltak.

Det er ikkje så mykje vi her har å føreslå. Om interessa er til stades kan ein setje ut nokre regnbueaurar for å sjå korleis det utviklar seg. I is og snefattige vintrar skulle ein tru dette ville gå bra - fåren er som nemnt is og snø.

Stavanger 20.mars 1973

Einar Berg